V Å G Å F J E L L S T Y R E M Ø T E B O K

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
612.5	Knut Øyjordet	30.03.17	19/17

SPØRSMÅL OM OMFANG OG OPPLEGG FOR JAKT PÅ TREKKELG

Saksdokument:
1. Sak 19/11 og 18/14 i fjellstyret med vedlegg.
2. Vågå Sør viltområde – bestandsplan for elg, hjort og rådyr 2015-2017.
3. Diverse statistikkar.

Saksutgreiing:
Fyrste vinteren det vart opna for trekkelgjakt i Langmorkje statsallmenning var i 2012. Da vedtok fjellstyret følgjande i spørsmål om jakt på trekkelg i utvida jakttid (sak 19/11):
Fjellstyret er innstilt på allereie til hausten/vinteren å prøve eit opplegg med jakt på trekkelg i utvida jakttid. Fjellstyret meiner dette primært må skje ved bruk av jaktlaga i felta Sjolia og Rindhovda. I fyrste omgang tek ein sikte på at minimum fem dyr skal fellast i utvida jakttid på trekkelg, og at dette skal skje i området Storskriulia, ved grensa mot Sel kommune. Det vil i avtala med jaktlaga bli sett vilkår for jaktområde, type dyr osv. Kg-prisen blir sett til ca. same pris som tilsvarande jakt i Sel og Nord-Fron.

For å minske skader på furuforynging, er fjellstyret elles open for å bruke inntekter av trekkelgjakt til innkjøp av rundballer for foring av elg på enkelte plassar. Det reint praktiske opplegget med dette må skje i samarbeid med Langmorkje almenning.

I samband med søknad om ny treårig bestandsplan 2011-2013, søkte Vågå Sør viltområde inntil 10 dyr årleg for uttak av trekkelg i Langmorkje statsallmenning, og som kommunen godkjende. I denne treårsperioden (januar 2012 – januar 2014) vart det felt totalt 31 elgar i Langmorkje under trekkelgjakta. Jakta vart utført av jaktlaga i felta Sjolia og Rindhovda.

Fjellstyret har ikkje lagt opp til ”stor” inntening av trekkelgjakta, men har vektlagt det forvaltningsmessige aspektet ved å bidra til å redusere talet på trekkelg. Kg-prisen er det halve av kg-prisen for den ordinære haustjakta. Fjellstyret har kosta oppbrøyting av dei mest sentrale vegane (Hovdasmovegen, skogsvegen ned til Vakkersletta og setervegen til Sjolisetrene), og frå vinteren 2014 kosta utfrakting av felte dyr med skuter til oppbrøytt veg. Fjellstyret leiger også slakte-/lagringsrom på saga (av Langmorkje almenning), som jaktlaga disponerer. Dessutan går halve delen av netto inntekter inn i eit fond som fjellstyret disponerer saman med Langmorkje almenning, og som skal brukast til skogfremjande tiltak.

Ang. spørsmål om omfang av jakt på trekkelg i perioden januar 2015 – januar 2017, vedtok fjellstyret følgjande i sak 18/14:
Fjellstyret viser til saksutgreiinga, og er innstilt på å vidareføre jakt på trekkelg i Langmorkje statsallmenning dei neste tre åra. Det bør bli søkt om ei totalkvote på 50 dyr for dei tre åra, og at kvota for trekkelgjakt blir bestemt gjennom søknad om ny bestandsplan for Vågå Sør viltområde 2014-2016.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

I behandlinga i kommunen vart kvota for uttak av trekkelg auka frå 50 til 140 dyr. Det vart presisert at kommunen ikkje har heimel for å påleggje avskyting, men at auken var ei oppmoding om større uttak. Fyrste vinteren (januar 2015) vart det felt 18 dyr. Men året etter vart det felt berre 5 dyr og nå i vinter 4 dyr, totalt 27 dyr. Årsaka til låg felling dei to siste vintrane skuldast seint trekk inn til Langmorkje. Og i vinter kan ein ut ifrå sporadferd og observasjonar konkludere med at ikkje ”all” trekkelg har kome så langt som til Langmorkje. Forklaringa ligg nok i at det har vore langt mindre med snø. Likevel opplevde vi eit innsig av elg fyrst i november etter det store snøfallet da, men dette er truleg mest elg frå nærliggjande distrikt, også ”Vågåelg”. Dette meir lokale trekket skjer kvart år, men sist haust kom altså desse dyra nokså tidleg. I området mellom Randsverk og skitrekket er dette trekket lett synbart ved sporobservasjon av vegkryssingar. Denne elgen trekkjer nok vidare mot området Fuglesetrene, Grjothovda og Dravtjønnlie.

Det vart elles felt totalt 48 dyr under trekkelgjakta samla for området Skåbu, Murudalen og i Langmorkje i vinter. I fjor vinter vart det felt 24 dyr, i 2015 117 dyr, i 2014 110 dyr, i 2013 80 dyr og i 2012 71 dyr. Før det var uttaket i gjennomsnitt 30 dyr årleg i perioden 2000 – 2011. Langs telleruta i Skåbu, der talet på dyr blir registrert når dei er på trekk ut att om våren, har talet variert frå 407 til 694 dyr sidan år 2000. Våren 2015 var talet 467 dyr og i fjor 694 dyr, som er det høgste talet som er registrert nokon gong.

Vurdering:
Vågå Sør viltområde skal seinare i vår søkje kommunen om ny bestandsplan for tre nye år. Som i førre planen, vil søknad om eventuell ekstra kvote for uttak av trekkelg i Langmorkje vera naturleg å innlemme i planen. Fjellstyret bør opne for vidare trekkelgjakt dei neste tre åra. Kor mange dyr dette bør vera, er avhengig av fleire forhold, m.a. tal frå trekkteljinga, omfang av trekkelgjakt i Skåbu og Murudalen, innsig av ”mengde” elg som trekkjer inn i Langmorkje kvar vinter, spørsmål om uttak i område der det står ein del stasjonær elg, skadar på furuskog, resultat elgbeitetakseringar osv. Her er det mange faktorar som spelar inn.

Vi veit at ”innsiget” av trekkelg til Langmorkje, både tidspunkt og omfang er umogleg å seie noko sikkert om på førehand. Og sjølv om det totalt sett i Murudalsområdet står bra med trekkelg, så er det ikkje sikkert at det meste av desse trekkjer så langt som til Langmorkje, noko vi i vinter har fått stadfesta. Dessutan må det på nytt søkjast myndigheitene om jakt i utvida jakttid, og det er nå etter revidering av dei offentlege jakttidene, Miljødirektoratet som sluttbehandlar slik søknad (tidlegare fylkeskommunen). Dei tre aktuelle kommunane (Nord-Fron, Sel og Vågå) har sett i gang ein prosess på dette.

Det mest ideelle er om fjellstyret har ei bra totalramme for tre neste åra, men samtidig ikkje høgare enn realistisk å kunne oppnå dersom innsiget av trekkelg skjer som i ”normalår”. Rundt 25 dyr årleg i gjennomsnitt kan vera eit greitt utgangspunkt. Skal ein klare å oppnå eit slikt tal, bør det også opnast for å kunne supplere med eit ekstra jaktlag. Nærare vurdering og grunngjeving om trekkelg-problematikken og jakt på trekkelg blir gjeve direkte i møtet.

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16			
2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

Innstilling til vedtak:
Fjellstyret viser til saksutgreiinga, og er innstilt på å vidareføre jakt på trekkelg i Langmorkje statsallmenning dei neste tre vintrane dersom viltmyndigheitene opnar for det. Fjellstyret meiner det må søkjast om ei totalkvote på 75 dyr for dei tre åra, og at denne kvota for trekk-elgjakt blir bestemt gjennom søknad om ny bestandsplan for Vågå Sør viltområde 2017-2019.

Sjølve jakta og avtaler med jaktlaga bør skje etter same opplegg som dei siste vintrane, men fjellstyret vil vurdere å supplere med eit tredje jaktlag for å kunne oppnå eit uttak på ca. 25 dyr i vintrar når innsiget av trekkelg er på eit bra nivå i jakttida for trekkelgjakt. Dersom dette blir aktuelt, vil innanbygds jaktlag blir prioritert, og jakta blir tildelt etter ein vanleg prosess med annonsering, søknad og eventuelt loddtrekking. Fjellstyret vil framleis prøve å unngå at trekkelgjakt skal skje i dei områda som ein meiner hovudtyngda av den stasjonære elgbestanden oppheld seg om vinteren.

Vedtak:
Samrøystes:
Fjellstyret viser til saksutgreiinga, og er innstilt på å vidareføre jakt på trekkelg i Langmorkje statsallmenning dei neste tre vintrane dersom viltmyndigheitene opnar for det. Fjellstyret meiner det må søkjast om ei totalkvote på 75 dyr for dei tre åra, og at denne kvota for trekk-elgjakt blir bestemt gjennom søknad om ny bestandsplan for Vågå Sør viltområde 2017-2019.

Sjølve jakta og avtaler med jaktlaga bør skje etter same opplegg som dei siste vintrane, men fjellstyret vil supplere med eit tredje jaktlag for å kunne oppnå eit uttak på ca. 25 dyr i vintrar når innsiget av trekkelg er på eit bra nivå i jakttida for trekkelgjakt. Innanbygds jaktlag vil bli prioritert, og jakta blir tildelt etter ein vanleg prosess med annonsering, søknad og eventuelt loddtrekking. Fjellstyret vil framleis prøve å unngå at trekkelgjakt skal skje i dei områda som ein meiner hovudtyngda av den stasjonære elgbestanden oppheld seg om vinteren.

Rett utskrift. Går til:
Vågå Sør viltområde

Kopi til:
Vågå kommune
Langmorkje almenning

Vågåmo, 30.03.17

Knut Øyjordet (e.f)

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16			
2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no